

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Tilleggsliste nr.36.

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmålnr. 36.

Herad: Gloppen

Emne: HELSING, FAKTER og ÅTFERD.

Bygdelag: Austrheim i Gloppen.

Oppskr. av: Ola Sande

Gard: Fosshaug, Austrheim.

(adresse): Sandane

G.nr. 69

Br.nr. 57.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Oppskrive etter det eg sjölv hugsar og etter fortal av eldre folk.

## A. MÅTAR Å REFSA FOLK PÅ,

Ved ymse höve.

För utskiftingane av gardane budde budde folk i større eller mindre "tun", fleire huslydar i same tunet.

Det var vanleg vis at ein sopa (med rissovl) ~~var~~ kvar sitt tun, framfor stovehusa, laurdags kvelden og kvelden fyre andre helgedagar, når det var berr merk, var det nokon som slurva med å sopa tunet sitt, hende det at den som budde nærast, og sopa sitt eige tun, sopa noko av grannen sit og, etter han var ferdig med sitt eige. Slikt hende so lenge det budde fleire huslydar i sane "tunet", so seint som for 50 - 60 år sidan. (Det var vanleg at fleire huslydar hadde husa sine so nær kvarande på same staden, at det vart som ein liten ølandsby. Dette vart kalla "tun", gjerne alle gardbrukarar som hadde same gardsnr. og hadde då namn etter "garden". I Austrheims-tunet t.d. var 10 huslydar. Og so vart det ogso kalla tun den delen av store-tunet som var framfor stovehusa at kvar einskiöld huslyd, og det hadde namn etter huslyden, t.d. "Jo-tunet, Hans-tunet o.s.b.).

1. Nei, slikt var ikkje gjort her i Gloppen.

2. Nei, <sup>slikt</sup> slikt var ukjent her.

3. Nei, slikt var ukjent her.

B. Ja, det hende at det vart sett "utnamn" på folk - for ei ugjerning eller for noko sers ved ein person. Döme: Ein mann heitte Lars. Han var kjend for at han raska til seg av annanmanns eigeidom i skogen. Det vart veteleg at han tok ei "rotvelte", ei overvelt fure. Sidan vart han "mann og mann imellom" kalla "Roti-Lars" (50 60 år sidan). - Ein mann sa ~~øtte~~ "se' du" i eit vekk ~~nå~~ han snakka. Han fekk utnamnet "Se' du" (ser du). Like eins som: "Lögne-Marte (ei som laug mykje), "Tjuve-Endre" o.l. Ein svært liten mann fekk utnamnet "Meteren".

4. Kan ikkje seia av noko sernamn på slike.

5. Det vart sagt at ein som ikkje fekk julegäve, laut "ri-de julejeita",

6. Nei, veit ikkje om slike "utnamn" (ökenavn).

11361